



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321
Olav Overvoll, 5557 2315
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
30.11.2012
Dykkar dato
13.08.2012

Vår referanse
2012/10478 561
Dykkar referanse
11/4255

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn om bygging og drift av Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune

Fylkesmannen meiner det er konflikter knytt til biologisk mangfold, landskap og friluftsliv ved bygginga og drifta av Aldalselva kraftverk. Dette gjeld særleg området ved Fitjavatnet. Dersom NVE gir konsesjon til bygging av kraftverket, må ein gje vilkår slik at utbyggjar veljar tekniske løysingar som gir minst mogleg negativ påverknad på naturmiljøet.

Vi meiner at NVE må analysere sumverknader for å vurdere utbygginga av Aldalselva mot andre aktuelle utbyggingsprosjekt i Samnanger kommune og nabokommunane.

Vi viser til brev av 13. august 2012 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere søknaden om konsesjon frå Aldal Kraft AS. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til slutten av november 2012. Fylkesmannen deltok på synfaring på prosjektet 8. november 2012.

Aldalselva kraftverk er planlagt bygd i Aldalselva ved Samnangerfjorden i Samnanger kommune. Prosjektdata for utbygging og drift er vist i tabellen under.

Prosjektdata	
Installert effekt (MW)	5,5
Produksjon (GWh/år)	18
Brukstid (timer)	3286
Utbyggingskostnad (mill. NOK)	49,4
Utbyggingspris (NOK/kWh)	2,75
Alminnelig lågvassføring (l/s)	15
Q ₉₅ sommar (l/s)	15
Q ₉₅ vinter (l/s)	8
Planlagt minstevassføring sommar	15
Planlagt minstevassføring vinter	0
Slukeemne maks./min. (l/s)	2007/20
Inntak (moh)	336*
Avløp (moh)	5
Vassveg i nedgrave rør (m)	2472
Regulering (HRV/LRV) (moh)	334,9/336,0**
Overskotsmasse (m ³)	lite
Vegbygging (m)	680 til inntak 190 til kraftstasjon
Nettilknytning, jordkabel (m)	100
INON –reduksjon (sone 1 og 2) (m)	100/700***

*Inntak i Fitjavatnet

**Innafor grensene for naturleg variasjon i vatnet

***100m reduksjon i INON sone 2 (1-3 km frå inngrep) dersom reguleringa av vatnet ikkje vert rekna som større, teknisk inngrep.

Fylkesmannen vil i fråsegna si legge vekt på naturmiljø og vurderingar etter §§ 8 til12 i naturmangfaldlova.

Vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Etter § 8 skal offentlege vedtak som berører naturmangfaldet bygge på vitskapleg kunnskap om tilstand og effekt av påverknadane ved inngrep. Konsesjonssøknaden for Aldalselva kraftverk bygger på rapportar om biologisk mangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og moglege vassbrukskonfliktar. Tilhøva til lokalt friluftsliv, opplevingsverdi og landskap er likevel etter vår mening ikkje godt nok synleggjort i søknaden. Fylkesmannen vurderer difor § 8 i naturmangfoldlova som berre delvis oppfylt.

Vurderinga av samla belastning er også mangelfull. Etter § 10 skal ei slik vurdering ligge føre før det blir gjort vedtak om konsesjon. Fylkesmannen meiner at det er føremålstenleg at NVE tek initiativ til at det blir laga ei vurdering av samla belastning for alle omsøkte og sannsynlege nye prosjekt i Samnanger og nabokommunane. Denne vurderinga må omfatte Aldalselva kraftverk, Aldal/Frøland kraftverk, overføringer til Samnangervassdraget frå Vaksdal/Kvam og Øystese kraftverk.

Ikkje minst vil ei analyse av sumverknader være nyttig når NVE skal bestemme om vatnet frå Aldalselva skal førast til Aldalselva kraftverk eller til eit eventuelt Aldal kraftverk. NVE har til handsaming søknad frå BKK om å bygge Aldal kraftverk, der ein ønskjer å ta inn vatnet frå Aldalselva. Bygginga av Aldalselva kraftverk kommer i konflikt med dette prosjektet.

Fylkesmannen i Hordaland har gått imot at BKK får bygge Aldal kraftverk. Dersom Aldal kraftverk blir bygd, må NVE avgjøre kor vatnet frå Aldalselva gjør størst samla nytte.

Fylkesmannens vurdering av prosjektet

Fagrapportane i konsesjonssøknaden konkluderar med at konsekvensane av bygginga og drifta av Aldalselva kraftverk er små til middels negative for biologisk mangfald, landskap, friluftsliv. Fylkesmannen har ingen merknader til rapporten knytt til biologisk mangfald. Fylkesmannen meiner likevel at dei lokale negative konsekvensane av arealinngrepa på landskap og friluftsliv er undervurdert i søknaden.

Om INON

Vi vil peike på at INON-tapet er ubetydeleg berre dersom vannstanden i Fitjavatnet etter utbygginga får tilnærma naturlege svingingar.

Om naturverdiar

Ein har funne raudlisteartar i den elvestrengen som blir påverka av utbygginga og i landskapet rundt. Flommose er den einaste raudlistearten knytta til elva som vil bli direkte påverka av redusert vassføring i elva. Den er vurdert som sårbar. Arten er registrert i fleire vassdrag i Hordaland, og det er truleg noko mørketal her. Det er også mogleg at arten overlever den reduserte vassføringa etter planlagt tiltak. Elles er almekullsopp funnen i det området som er aktuelt for røyrgatetrasé. Den er vurdert som nær trua. Arten er truleg relativt sjeldan, men er lågt raudlista.

Om arealinngrep

Røyrgatetraséen vil være synleg ned dalføret, spesielt frå fjorden. Inngrepa i og ved Fitjavatn omfattar sperredam ved utløpet, inntaksmagasin, og mindre vegtraséar.

Søknaden viser ikkje detaljar knytt til inngrep langs strandlinia ved Fitjavatnet. Det kom fram på synfaringa at det einskilde stader vil vere nødvendig å spreng veg ned i terrenget ved

vatnet. Dette kan gi store og unødvendige landskapsinngrep, og vil verke negativt inn på området sin verdi for friluftsliv og opplevingsverdi. Området har stor verdi for lokalt friluftsliv, både sommar og vinter. Området blir nytta til tur- og skigåing, skøyting, bading, bærplukking, båtliv mm.

Utbyggjar må nytte dei beste tekniske løysingane

Dersom NVE gir konsesjon til bygging av kraftverk i Aldalselva, meiner Fylkesmannen at ein må sette som vilkår at utbyggjar skal velje tekniske løysingar som gir minst mogleg negative miljøverknader. Etter § 11 skal tiltakshavar i rimelig grad dekke kostnadene for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet. Det skal nyttast teknikk ved inngrepet som samla gir det beste resultatet for samfunnet, jf. § 12. Vi har nedanfor lista opp kva vi meiner dette må leie til for utbyggingsprosjektet:

- Det er anadrom fisk nedst i Aldalselva. Kraftstasjonen vil sleppe ut vatn øvst på den anadrome strekninga. Bestandane av anadrom fisk i Hordaland er under sterkt press grunna ulike påverknader. Det er difor viktig at Aldalselva kraftverk vert bygd slik at det ikkje påverkar negativt gyte- og oppvekstområda for anadrom fisk. Kraftverket må difor byggast slik at vatnet ut av kraftverket ikkje vert overmetta på gass. For å hindre tørrlegging ved brå stopp i kraftverket, er det også naudsynt med omlaupsventil.
- Utbyggjar meiner at den planlagde reguleringa av Fitjavatnet vil skje innafor grensene til den naturlege vannstandsvariasjonen i vatnet. Det er viktig at NVE kvalitetssikrar desse opplysningane. Før NVE eventuelt tillet ei regulering som er meir dramatisk enn den naturlige variasjonen, må det føreligge faglege vurderingar på at dette ikkje fører til auka utvasking frå strandsona i vatnet. Eit slikt reguleringsregime med raskare vannstandsendringar enn dei naturlege vil uansett føre til meir usikker is om vinteren, og er uheldig for friluftslivet i området.
- Eventuelle dammar og inntak i Fitjavatnet må utformast så vatnet som landskapselement blir minst mogleg endra. Utbyggjar må leggje fram planar som sikrar at arealinngrepa blir minimalisert mest mogleg. Å stenge av og eventuelt tørrlegge deler av vatnet i samband med bygging av inntak meiner Fylkesmannen er eit unødvendig brutalt inngrep.
- Aldal kraftverk må byggast med minst mogleg nye permanente vegar. Ein må vurdere å nytte sjølvrensande inntak til vassvegen frå Fitjavatnet slik at det ikkje blir trong for permanent veg dit. NVE bør setje krav om at mellombelse vegar vert fjerna heilt, og at det ikkje skal skje unødvendige inngrep i form av sprenging og øydelegging av strandlina langs Fitjavatnet.
- Det bør setjast krav om minstevassføring i Aldalselva heile året.
- Ein må stadfeste førekomensten av almekullsopp og freiste å legge rørgata så førekomensten ikkje blir øydelagt.

Fylkesmannen vil også peike på at ein må avklare med Mattilsynet og Samnanger kommune at dei endelige utbyggingsplanane for Aldal kraftverk ikkje kjem i konflikt med dei reglane som gjeld for Fitjavatnet som drikkevasskjelde.

Kraftstasjonen vil bli bygd i ei grend med fleire våningshus. Det er difor viktig at NVE setter krav til utbyggjar som skissert i T-1442 (Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). Slike krav må gjelde både anleggsfasen og driftsfasen.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner det er konfliktar knytt til biologisk mangfold, landskap og friluftsliv ved bygginga og drifta av Aldalselva kraftverk. Dette gjeld særleg området ved Fitjavatnet. Dersom NVE gir konsesjon til bygging av kraftverket, må ein gje vilkår slik at utbyggjar veljar tekniske løysingar som gir minst mogleg negativ påverknad på naturmiljøet.

Vi meiner at NVE må analysere sumverknader for å vurdere utbygginga av Aldalselva mot andre aktuelle utbyggingsprosjekt i Samnanger kommune og nabokommunane.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
fung. fylkesmiljøvernsjef

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til

Aldal Kraft AS	c/o J.Haukenes, Haukanesveien 125	5652	Årland
Samnanger kommune	Kommunehuset	5650	Tysse
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Mattilsynet	Postboks 383	2381	Brumunddal